

# IgM i serum

## s-Immunglobulin M

### Bakgrunn

IgM vert danna som respons på partikulære antigen, til dømes antigen på overflata av bakteriar. Dersom komplement er til stades, er IgM svært effektiv til å lysere celler som det reagerer med. IgM blir danna før IgG ved antigenstimulering. Dei cellene som produserer IgM, skiftar ofte til IgG-produksjon (med same antigenspesifisitet) etter nokre veker.

### Indikasjonar

Mistanke om immunsvikt som årsak til residiverande infeksjonar. Kontroll av pasientar med myelomatose der M-komponenten ikkje kan kvantifiserast ved proteinelektroforese. Differensialdiagnostikk av levercirrhose. Mistanke om intrauterin infeksjon (etter fødsel).

### Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetning.  
Haldbarheit serum: 4 døgn.

### Referanseområde

> 12 år: 0,4-2,5 g/L

Blir utført ved: Førde

### Tolkingar

Høge verdiar ser ein ved ei rekkje tilstandar som stimulerer immunapparatet. Auke av både IgG, IgA og IgM førekjem ved dei fleste infeksjonar, persisterande hepatitt, sekundær biliær cirrhose, i seine stadium av sarkoidose og ved reumatoid artritt.

Selektiv auke av IgM førekjem hos nyfødde med kongenitt eller neonatal infeksjon (rubella, toksoplasmose, syfilis, sepsis), ved parasittære infeksjonar, virusinfeksjonar, primær biliær cirrhose og hos pasientar med M-komponent av type IgM.

Låge verdiar er eintydig med hypogammaglobulinemi. Det fins ei rekke ulike former av primær hypogammaglobulinemi som kan medføre auka infeksjonstendens. Sekundære hypogammaglobulinemiar kan skuldast redusert syntese (ved lymfoproliferative tilstandar, diabetes mellitus, nyresvikt og bruk av medikament) eller auka tap (ved nefrotisk syndrom, brannskadar og proteintapande tarmsjukdommar).

Barn og unge har andre verdiar enn vaksne. Konsentrasjonen av IgM aukar frå fødselen. Ved 6 års-alder har barnet nesten 100 % av vaksne sitt IgM. Generelt ventar ein høgare verdiar hos innvandrarar frå subtropiske og tropiske område.

**Feilkjelde:** Unngå langvarig stase.

**Biologisk variasjon:** Intraindividuell biologisk variasjon: 5,9 %